



# DEN NORSKE KYRKJA

## Høyanger Sokneråd

Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 20.10.2020

### Møtebok Høyanger sokneråd

Møtedato: 23.09.2020

Møtetid: Kl. 18.00

Møtestad: Høyanger kyrkjekontor (Møterom)

### Til stades:

Trond Gandrud, May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Marit Tonning, Veronica Vågen, Heike Müller, Andreas Ester.

### Kopi av møteboka går til:

Prost Knut Magne Nesse, ordfører Petter Sortland, rådmann Kjellaug Ekse Brekkhus, kantor Gerda Otterstein, sekretær Katarina Vattekar, kyrkjelydspedagog Toril Lange, postmottak Høyanger kommune

### Sakliste

Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok.

Godkjent utan merknader.

### Meldingssaker

**000023** Soknepresten hadde ordet

**000024** Marit Tonning informerer frå besøk på eldresenteret

Marit informerte om besøket på eldresenteret, korleis nå ut til fleire. Dei oppmøtte nemnde at dei har mykje å gjere på hytta t.d. Det vart diskutert om «temagudstenester» kan vere noko å satse på, t.d. å invitere politikarar til å snakke slik at det blir interessant å kome til gudsteneste.

**000025** Soknerådet drøfta

Soknerådet ynskjer at det som skal skje i kyrkja vert formidla på plakatar. Heike informerte om at det er sekretær som lagar desse og Heike henger dei opp. Det må vere interessant og spesifikk informasjon som skal formidlast. Soknerådet ynskjer at Katarina heretter har ansvaret for å lage plakatar. Andreas vil gje tilbakemelding om når han ynskjer å lage plakatar.

Under konfirmasjonsgudstenesta var det ubehageleg å gå rundt med offerposane. Det følttest som tiggig, og det var vanskeleg å vite kvar ein skulle feste blikket. Soknerådet meiner at det må informerast betre korleis ein kan bruke Vipps. Kanskje ein kan gjere som Kyrkjebø der ein brukar 1 minutt til Vipps- transaksjonar under gudstenesta. Heike snakka om kyrkjevertoppgåva og sa at det bør vere kyrkjevert på kvar gudsteneste. Post til soknerådet skal gåast gjennom og systemiserast av soknerådet.

## Vedtaksaker

### Sak 028/20 Soknerådet sine oppgaver etter Kyrkjelova §9

Vedtak:

Høyanger sokneråd har invitert dei tilsette til ei samling på Høyanger bedehus den 12. 11.2020 kl. 18.00 for å drøfte tilhøva i kyrkjelyden og dei oppgåvene vi står framfor etter kyrkjelova §9. Oppgåvene med førebuing og gjennomføring er fordelte på soknerådsmedlemene. Invitasjon med program kjem i god tid, og der blir alle oppfordra til å orientere litt om alle dei ting som kjem inn under paragrafen. Neste år er alle med, i år er det litt annleis pga. korona.

### Sak 029/20 Kyrkjevertar

Vedtak:

	<u>Kyrkjevert</u>
1. november kl. 11.00, Høyanger, minnedag	Veronica
8. november kl. 11.00, Høyanger, familiegudsteneste	Vidar
2. desember kl. 18.00, Høyanger, lysmesse	May-Wenche og Veronica
24. desember kl. 16.00, Høyanger, Julafta	Marit

### Sak 030/20 Oppdatering av Årshjul

Vedtak:

Mange arrangement har det siste året blitt avlyst, så det er ikkje hensiktsmessig å leggje planar langt fram. Saka kjem opp att på neste soknerådsmøte

### Sak 031/20 Avskil med Runar 8. november i Alværa

Vedtak:

Høyanger sokneråd godkjenner å dekke 25% av kostnadane til avskilsfesten til Runar.

Veronica Vågen, referent

Bjørnar Otterstein, sekretær